

Saksbehandlar: Lars Grøteide, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 14/2413-7

Budsjett 2015 og 2016 - Kultur**Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Framlegg til sektorbudsjettet for kultur i 2015 og skisse til budsjett i 2016 vert fordelt slik på tenestenivå:

Programområde		B 2014	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,662	6,022	5,362
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,384	12,634	12,102
760	Museum	16,877	15,777	14,777
771	Kunstformidling	9,745	8,635	8,245
772	Kunstproduksjon	11,057	11,057	10,557
775	Fysisk aktivitet og idrett	3,041	3,041	2,941
790	Andre kulturaktivitetar	11,108	8,758	8,408
SUM		71,874	65,924	62,392

2. Innsparingsutfordringa vert løyst ved følgjande reduksjonar:

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	Bokbåten	0,640	1,300
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordninga	0,900	0,900
771	Kunstformidling	Kultur og helse	0,210	0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken		0,100
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		0,500
775	Fysisk aktivitet og idrett	Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		0,100
790	Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	0,900	0,900
790	Andre kulturaktiviteter	Administrasjon	0,350	0,700
SUM			3,000	5,000

3. Bokbåttenesta i Sogn og Fjordane vert ikkje vidareført etter 01.09.2015.
4. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeidd vidare med fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane med tanke på alternative løysingar.

Vedlegg:

1. Utkast til Kulturstrategi 2015-2018, pr. 15.09.2014
2. Brev frå Musea i Sogn og Fjordane av 19.08.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. [HK- sak 41/14 Drøfting av budsjett 2015 og 2016 og økonomiplan 2017 til 2019, Kultur](#)
2. [HK- sak 58/13 Evaluering av bokbåten](#)
3. FT-sak 55/13 [Budsjett 2014/ Økonomiplan 2014-17](#)
4. [HK- sak 30/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015- 18, Kultur](#)
5. [Forskrift om bibliotekstatistikk](#)
6. [Forskrift om fagleg ansvarsdeling etter kulturminnelova](#)
7. [Stortingsmelding nr. 35, 2012-2013 : Framtid med Fotfeste](#)
8. [Meld. St. 7 2012-2013](#)
9. [HPN- sak 71/13](#)
10. [HK-sak 37/14](#)
11. Søknad om stønad til Landskyttarstemnet 2017
12. Søknad om stønad til Fiskerimuseum/fiskerihistorisk opplevingssenter i Måløy

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Denne saka omhandlar budsjett 2015 og ei skisse til budsjett 2016. Saka svarar på finansutvalet sine tingingar i arbeidsdokument nr. 3 som vedkjem budsjett 2015 og 2015.

Saka er bygt opp slik:

- Kap. 2 inneheld ein felles del lagt fram til alle hovudutvala ved fylkesrådmannen
- Kap. 3 presenterer bakgrunnen for denne saka
- Kap. 4 omtalar kort dei langsiktige driftsrammene
- Kap. 5 utgjer vurderinga og konsekvensar
- Kap. 6 syner budsjett 2015 fordelt på programområde, samt skisse til budsjett 2016
- Kap. 7 presiserer føreslåtte reduksjonstiltak
- Kap. 8 omtalar framtidige investeringsrammer
- Kap. 9 omtalar avtalane fylkeskommunen har innan kultursektoren
- Kap. 10 handlar om administrasjon i høve sektorbudsjettet
- Kap. 11 sektorspesifikke oppfølgingspunkt
- Kap. 12 eksterne søknadar
- Kap. 13 kort konklusjon.

2. Felles del

Fylkeskommunen står no overfor den mest krevjande budsjett- og økonomiplanprosessen nokon sinne. Nytt inntektssystem (IS) gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane. Justert for pårekna tapskompensasjon første året og alt forventa inntektsreduksjon, aukar salderingsutfordringa vår som følgje av det nye systemet slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Netto auka salderingsutfordring som følgje av nytt IS	-8,7	-60,7	-112,7	-164,7	-223,7

Ei slik endring i eksterne rammeføresetnader vil stille store krav til omstilling, og gjennom det store krav til organisasjonen vår. I arbeidsdokument 3/14 til finansutvalet la fylkesrådmannen fram følgjande køyreregjar han meiner må vere sentrale gjennom heile denne prosessen:

1. Vi må setje innbyggjarane sitt beste i fokus
2. Vi må vise respekt for alle tilsette
3. Vi må følgje gjeldande lover og forskrifter
4. Oppgåver kan vere lovpålagte, ikkje løysingsmåten
5. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg utgreidde
6. Vi må planlegge og budsjettere realistisk

7. Vi må vurdere oppgåver og tenester, vekk med ostepølven
8. Vi må framleis ha nokre vekstelement i budsjetta
9. Vi må sikre rett og nok kompetanse – i føreståande arbeid
10. Vi må framleis arbeide for å betre rammevilkåra våre

Køyrereglane vart positivt mottekne i finansutvalet, og fylkesrådmannen tillet seg difor å gjenta dei innleiingsvis i hovudutvalssakene.

Justert budsjett- og økonomiplanprosess

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Finansutvalet vedtok som følgje av dette å dele den vidare budsjettprosessen opp slik:

Prosess					
Budsjett 2015	Rammer for 2015 i finansutvalet 18.06.2014	Detaljbudsjett 2015 i hovudutvala sept. 14	Slutthandsaming i Fylkestinget des. 14		
Budsjett 2016	Rammer for 2016 i finansutvalet 18.06.2014	Skisse til naudsynte tiltak i hovudutvala sept. 14	Vedtak i Fylkestinget des.14	Ev. utgreiingar og implement. i 2015	
Økonomiplan 2016-19	Prosessvedtak i finansutvalet 18.06.2014	Hovudutvala vert utfordra oktober og november 14	Saldering av økonomiplan – teknisk i FT des. 14	Økonomiplan-arbeid våren 2015	Vedtak i fylkestinget juni 2015

Som ein konsekvens av denne oppdelinga har hovudutvala fått to oppdrag i no i haust;

- i september (gjennom denne saka) skal hovudutvala vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg følgjande rammeutfordringar på kort sikt:

	2015	2016
Forvaltning	-8	-12
Opplæring	-3	-5
Tannhelse	-3	-3
Plan og næring	-3	-5
Kultur	-3	-5
Samferdsle	-24	-84
Sum utgreiingsrammer	44	114

Med bakgrunn i hovudutvala sine framlegg i denne saka skal finansutvalet 24. september drøfte den kortsiktige tilpassinga til skisserte rammeutfordringar (2015-2016).

- I slutten av oktober skal hovudutvala kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar på lang sikt. Finansutvalet har fastsett følgjande utgreiingsrammer for sektorane:

	2017-19
Forvaltning	30
Opplæring	88
Tannhelse	11

Plan og næring	11
Kultur	17
Samferdsle	130
Sum utgreiingsrammer	287

Hovudutvala sine framlegg til utgreiingsområde vert drøfta i finansutvalet 5. november, og skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014. Sjølve utgreiingane vil bli gjorde våren 2015, med sikte på å gjere retningsgjevande innsparringsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

3. Bakgrunn for saka

I denne sak tilrår fylkesdirektøren for kultur sektorbudsjettet 2015 og skisse til budsjett 2016. Omfanget av satsingane vert presentert på tenestenivå. Fylkesdirektøren gjer også greie for og foreslår reduksjonar i samsvar med tinginga frå finansutvalet frå deira møte 18. juni. Til grunn for vurderingane og forslaga som vert lagt fram i denne saka ligg også hovudutval for kultur si handsaminga av sakene [HK- sak 30/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015- 18, Kultur](#) og [HK- sak 41/14 Drøfting av budsjett 2015 og 2016 og økonomiplan 2017 til 2019, Kultur](#). I vurderingane i denne sak, er det lagt vekt på om dei reduserande tiltaka er reversible eller ikkje. Det vert og synleggjort om tiltaka er meint som kortvarige løysingar eller om dei kan inngå i dei langsiktige utfordringane fylkeskommunen står føre. Denne sak svarar såleis på dei av tingingane frå finansutvalet som har eit kortsiktig perspektiv. Hovudutvalet skal i oktober ta stilling til kva tiltak og satsingar som skal greiast ut for å oppnå ei eventuell innsparringar i storleiksorden 17 millionar kroner. Desse to sakene i hovudutvalet vil samla svare på alle tingingane frå finansutvalet.

Sektorramme

Dei økonomiske rammene til kultursektoren vil i tillegg til reduksjonar grunna innsparringsutfordringa, endre seg i samsvar med vedtak gjort i FT-sak 55/13 [Budsjett 2014/ Økonomiplan 2014-17](#). Fylkesdirektøren viser desse endringane, slik at dette kan sjåast opp mot vurderingane i denne saka.

Tekst	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Allereie vedtekne endringar:			
Reduksjon i kulturminnevern (m.a. utfasing av løyving til prosjekt lokale kulturminneplaner)		0,750	1,282
Reduksjon i tilskotet til Musea i Sogn og Fjordane		1,100	2,100
Reduksjon i andre kulturaktivitetar (inndraging av ei stilling, utfasing av vedtekne tilskot til utviklingsarbeid, m.m.)		1,100	1,100
Føreslått reduksjon i 2015 og 2016 (FIN 18.06.14)		3,000	5,000
Ramma til kultursektoren med dei noverande forslaga til reduksjon i 2015 og 2016 vert:	71,874	65,924	62,392

Forvaltning av statlege midlar

I tillegg til det fylkeskommunale nettobudsjettet forvaltar hovudutvalet om lag 47 mill. kroner i 2014, gjennom eigne inntekter og statlege tilskot. Desse går til satsingar som spelemidlar, freda bygg, Den kulturelle skulesekken, m.m.

Samla regional kultursatsing

Tabellane under syner kultursektoren sitt brutto budsjett for 2014, samt dei inntektene som våre konkrete samarbeid generer direkte til mottakar. Fylkesdirektøren syner dette for å vise den samla regionale kultursatsinga som kjem direkte av fylkeskommunen si satsing på kultur. Kommunane, organisasjonar og festivalar m.m. nyttar meir enn dette til sine kultursatsingar, men denne tabellen er avgrensa til kva fylkeskommunen direkte er involvert i. Samla økonomisk omsetnad desse og andre kultursatsingar skapar i fylket er ikkje del av dette reknestykket.

Tekst	Budsjett
--------------	-----------------

(tala er oppgjevne i mill. kroner)	2014
Kultursektoren sitt nettobudsjett 2014	71,874
Budsjetterte inntekter ved kultursektoren i 2014, inkl. eigeninntekter, spelemidlar og andre tilskot som vi forvaltar, m.m.	76,617
Brutto kulturbudsjett 2014	148,491

Tekst (tala er oppgjevne i mill. kroner)	Budsjett 2014
Kultursektoren sitt bruttobudsjett for 2014	148,491
Kommunale bidrag som kjem av konkrete avtalar med m.a. fylkeskommunen	8,200
Statlege overføringar som går direkte til mottakar, der regionale bidrag er ein føresetnad.	60,300
Regional kultursatsing (fylkeskommunal nettoløyving, statlege tilskot formidla gjennom fylkeskommunen og statlege og kommunale tilskot til fellesfinansiering av kultursatsingar i 2014	216,991

4. Langsiktige driftsrammer

Dei vedtekte endringane i inntektssystemet frå staten og andre inntektstap gjev fylkeskommunen store utfordringar i komande åra. Både omfanget av samla inntektstap og endringa av den statlege overgangsordninga gjer at dette vert svært vanskeleg. Endringane skal no gjennomførast i løpet av fem år.

Finansutvalet har med bakgrunn i dette vedteke ei skisse til fordeling av salderingsutfordringane mellom sektorane. Kultursektoren skal i samsvar med dette greie ut moglege og langsiktige innsparingstiltak på 17. mill. kroner. Tabellen under syner fordelingane mellom sektorane.

Sektor	Potensiale skissert i hovudutvalsakene **)	%- vis i høve justert ramme *)	Finansutvalet sitt vedtak om utgreiingsnivå
Forvaltning	15	18	30
Opplæring	49	96	88
Tannhelse	20	10	11
Plan og næring	25	5	11
Kultur	48	9	17
Samferdsle	42	110	130
Sum	199	248	287

(tala er oppgjeven i mill. kroner)

*)Ramma for opplæring korrigerert for alt innarbeidd nedgang som følgje av vedteken skulebruksplan. Ramma for plan og næring er korrigerert for KMD-midlane, då desse ikkje kan nyttast til å saldere budsjett med. I tillegg er rammene korrigerert for «sektoradministrasjon» i tråd med tilrådinga i pkt 7.1 i arbeidsdokument nr. 3.

***) Hovudutvala skulle i sine saker i mai/ juni skissere moglege reduksjonar ved sektoren med vekt på lovpålagde oppgåver. Dette søm følgje av tingingar i finansutalet sine arbeidsdokument nr. 1 og 2. I arbeidsdokument nr. 3 heiter det:

«Av dei «ikkje lovpålagde» sektorane/tenestene er det berre kultursektoren som har presentert det absolutte kjernenivået på sektoren i si saksframstilling. Ut frå den store salderingsutfordringa vi no står overfor, kan det bli aktuelt å gjere ei ny vurdering av kjernenivået på enkelte av dei andre sektorane og.»

For å sikre så gode prosessar som råd har finansutvalet valt å dele arbeidet med økonomiutfordringane i to ulike prosessar.

Fylkestinget i desember skal vedta budsjett 2015 og skisse til budsjett 2016. Ein overordna og forenkla økonomiplan for åra 2017-2019 vert og handsama då. Hovudutvalet for kultur skal leggje fram ei tilråding til sektorbudsjett med vekt på satsingar i desse år, men skal og synleggjere eit innsparingsnivå i 2015 og 2016. Det skal vektleggast om desse er reversible og om dei er tenkt som kortvarige og mellombelse løysingar, eller er ein del av eit meir langsiktig perspektiv. Dette vert gjort i denne saka.

Samstundes startar arbeidet med ein økonomiplan for perioden 2017-2019. Denne skal vedtakast av fylkestinget i juni 2015. Dette vert ein meir omfattande prosess med vekt på å finne langsiktige innsparingstiltak. Hovudutval for kultur skal i oktober ta stilling til kva utgreiingar som skal gjerast for moglege langsiktige reduksjonar ved kultursektoren.

5. Vurderingar og konsekvensar

Eit moderne samfunn utan ei brei satsing på kunst og kultur er utenkjeleg. I høyringsutkastet til kulturstrategi lyder visjonen: «*Kulturaktivitet og kulturoppleving gir oss eit rikare liv og bygger identiteten vår!*,» og det fyrste kulturpolitiske målet er: «*Kultur har ein eigenverdi, og det er eit hovudmål å støtte og utvikle ulike kulturelle ytringsformer til beste for enkeltindivid og grupper av menneske i Sogn og Fjordane.*»

I dette ligg både kunst og kultur sin eigenverdi, men også det faktum at slik satsing er verdiskaping i form av gode fritidstilbod, arbeidsplassar, næringsutvikling og opplevingar. Kunstnarar og kulturarbeidarar, både friviljuge og profesjonelle, gir viktige bidrag til verdiskapinga i samfunnet. Fylkeskommunen si kultursatsing skal bidra til økonomisk, sosial og kulturell verdiskaping i fylket. Dette vert særleg viktig å leggje vekt i tider då dei økonomiske rammene vert mindre. Kultur vert ofte nytta som eit satsingsfelt for å snu ei negativ utvikling og bidra til positiv samfunnsutvikling.

På tross av reduserte ramme handlar denne saka også om ei offensiv kultur- og samfunnsutvikling. Kultur er framleis viktig i seg sjølv og skal og i tida som kjem, bidra til positiv samfunnsutvikling. Konsekvensane av dei stramme økonomiske rammene krev difor tydlegare prioriteringar og ei enda klårare retning på kultursatsingane og den kulturpolitikk som vert ført. Bearbeidd utkast til kulturstrategi pr. 15. 09. 2014 er lagt ved saka, jf. vedlegg 1.

Eit viktig verkemiddel for å oppnå ei tydeleggjering av det offentlege ansvaret for kultursektoren er Kulturlova, som vart sett i verk 1. august 2007. Kulturlova lovfestar ansvaret staten, fylkeskommunen og kommunen har for kulturverksemd og gjer det til ei plikt å sikre at flest mogleg har tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod.

6. Fordeling av budsjett 2015 på programområde, samt skisse til fordeling budsjett 2016

Fylkesdirektøren tilrår hovudutval for kultur å gjere vedtak om følgjande fordeling mellom programområda:

Programområde		B 2014	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,662	6,022	5,362
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,384	12,634	12,102
760	Museum	16,877	15,777	14,777
771	Kunstformidling	9,745	8,635	8,245
772	Kunstproduksjon	11,057	11,057	10,557
775	Fysisk aktivitet og idrett	3,041	3,041	2,941
790	Andre kulturaktivitetar	11,108	8,758	8,408
SUM		71,874	65,924	62,392

Fylkesdirektøren gir no ei omtale på tenestenivå. Aktuelle reduksjonar vert omtalt i Kap. 7.

740 Bibliotek

Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket yter bibliotekfagleg rettleiing og assistanse til biblioteka, og arbeider aktivt for å utvikle gode bibliotektilbod i fylket. Eit satsingsområde er biblioteksamarbeid og betre utnytting av felles ressursar. I år arbeider fylkesbiblioteket spesielt med å få på plass forpliktande, regionvise samarbeid mellom biblioteka om drifts- og utviklingsoppgåver, der Nordfjord og indre Sunnfjord er først ute.

Fylkesbiblioteket sørgjer for grunnleggjande infrastruktur som felles databasesøk og transportordning for media mellom biblioteka, organiserer eit fylkesdekkande samarbeid om e-bokutlån, tilbyr utlån av klassesett til skulane og har bokbåten som sørgjer for bibliotektilbod langs kysten. I prosjektet *Lettare litteraturnett* som er eit samarbeid med Nordland fylkesbibliotek vil ein utvikle ein nasjonal standard for digitale forfattarportalar basert på open kjeldekode, og presentere ei samla oversikt over forfattarar frå fylket. Gjennom [Forskrift om bibliotekstatistikk](#) har fylkesbiblioteket ansvar for innsamling og kvalitetssikring av bibliotekstatistikk i fylket.

Fylkesbiblioteket arrangerer ei rekkje [kurs og faglege samlingar](#) for bibliotektilsette. I år startar fylkesbiblioteket bl.a. i samarbeid med NLA Høgskolen opp eit 15 stp kurs i munnleg formidling. Prosjektet *Lesarhistorier – ny veg til lesaren* har også som mål å styrke formidlinga i biblioteka, og er eit samarbeid med bibliotek, skular og barnehagar i fylket samt Høgskolen i Oslo og Akershus. Vidare utvikling av kurstilbodet tek utgangspunkt i resultatata frå kompetansekartlegginga som er gjennomført, jf. vedtak i [HK-sak 37/14](#). Informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse, formidling og leiingskompetanse peikar seg ut som sentrale satsingsområde.

I forslag til budsjett 2015 og 2016 er bokbåtenesta avvikla f.o.m. 01.09.2015.

750 Arkiv og kulturminneføremål

Fylkesarkivet

Fylkesarkivet arbeider for å etterkomme dokumentasjonsbehovet, retten til innsyn i forvaltninga og for å sikre at nødvendig dokumentasjon av fortida er tilgjengeleg. Jf. [Meld. St. 7 2012-2013](#). Fylkesarkivet tek vare på ein samla samfunnsdokumentasjon frå Sogn og Fjordane og syter for at denne dokumentasjonen er tilgjengelege for alle til ein kvar tid.

Webtenestene gir tilgang til fotodatabasar, digitale arkivdokument, stadnamn på kart, folkemusikk og kulturhistorisk leksikon. I samlingane ligg det enorme mengder informasjon. Fylkesarkivet yter tenester til kommunane og fylkeskommunen slik at dei oppfyller lovkrava gjennom medlemskapen i kommunearkivordninga.

Fylkesarkivet tek imot og handsamar foto- og privatarkiv i Sogn og Fjordane. Arkivering av stadnamn og musikktradisjonar er andre oppgåver.

Kulturminne

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som forvaltar av kulturminne. Fylkeskommunen er delegert statlege mynde for kulturminne som er automatisk freda og for freda bygg ([Forskrift om fagleg ansvarsdeling etter kulturminnelova](#)). Fylkeskommunen gjennomfører årleg registrering av

kulturminne. Dette arbeidet er sjølvfinansierende. Omfanget varierer frå år til år. I 2013 var omsetninga for dette arbeidet om lag 2 mill. kr.

Fylkeskommunen sine prioriterte satsingar på kulturminnefeltet er forankra i det nasjonale kunnskapsløftet på kulturminneområdet ([Stortingsmelding nr. 35, 2012-2013 : Framtid med Fotfeste](#)), i den regionale satsinga på natur og kulturarven som grunnlag for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping ([HPN- sak 71/13](#)) og i utkast til Kulturstrategi 2015-2018.

Lokale kulturminneplanar

Kulturminna er ein ressurs for verdiskaping og oppleving i lokalsamfunnet. Gjennom vår eiga satsing på lokale kulturminneplanar vil fokuset på kulturminna lokalt auke. Det er eit mål at kulturminneplanane vert eit nyttig og viktig verkty for kommunane både med tanke på kompetanseheving og på lokal samfunnsutvikling. Arbeidet er eit viktig bidrag til det nasjonale kunnskapsløftet på kulturminnefeltet. Det er i 2015 sett av 0,611 mill. kroner til prosjektet

Verdiskapingsprosjekt

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i tre større verdiskapingsprosjekt på kulturminnefeltet:

- Kongevegen over Filefjell
- Reiseliv i industriens vogge
- Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros.

Dette er samarbeidsprosjekt med fleire kommunar og fylkeskommunar. Prosjekta skal vidareførast i åra som kjem. Fylkeskommunen si utfordring er å stille opp med eigendel tilsvarande løyving frå Riksantikvaren. I 2015 og 2016 er det sett av 0,3 mill.kr kvart år innafor hovudutvalet si ramme. Dette vil likevel berre dekke omlag 1/3 av den forventta eigendelen i prosjekta.

760 Museum

Summen som er sett av her, er fylkeskommunen sitt tilskot til drifta av Musea i Sogn og Fjordane og drifta av tusenårsstaden Gulatinget. For 2015 er fordelinga slik:

- Musea i Sogn og Fjordane 14 737 000 kroner
- Tusenårsstaden Gulatinget 1 040 000 kroner

Musea i Sogn og Fjordane

Musea i Sogn og Fjordane har ansvar for drifta av dei regionale kulturhistoriske musea med sine underavdelingar, kunstmuseet med sine underavdelingar og Norsk Kvernsteinsenter. Fylkeskommunen yter tilskot til drifta av Musea i Sogn og Fjordane. I 2014 vart det løyvd 15,837 mill. Det er sett i gong arbeid med å forhandle fram ein ny finansieringsavtale mellom Musea i Sogn og Fjordane, kommunane og fylkeskommunen. Dette som erstatning for dagens avtale som vart utvikla for 10-12 år sidan. Målet er at kommunane f.o.m. 2017 bidreg med 15% av tilskotet, fylkeskommunen 25% og staten 60%. Difor er tenesta redusert med 1,1 mill. kr i 2015, 2,1 mill. kr i 2016 og 3,1 mill. kr i 2017.

Tusenårsstaden Gulatinget

Fylkeskommunen sitt tilskot til drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget er 1,040 mill. kr i 2014. Fylkeskommunen svarar for 70 % og Gulen kommune svarar for 30 % av tilskotet til drifta.

771 Kunstformidling

Føremålet med tenesta er å gje alle innbyggjarane eit mangfald av kulturtenester, der det er mogeleg å både delta sjølv, og oppleve profesjonell kunst og kultur.

Programområdet omfattar driftskostnadar og løn til tenesteyting innan:

- Den kulturelle skulesekken
- Digital kulturformidling
- Kultur og helse
 - IMDI (integrering og mangfald)
 - Den kulturelle spaserstokken
- Musikk

Fylkeskommunen får om lag 11,3 mill. kr i statleg stønad til desse tenestene.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing på kultur for barn og unge. I Sogn og Fjordane når den alle born i grunnskulen med fire profesjonelle kulturopplevingar kvart år. Elevane i vg2 og vg3 og lærlingane får 1 – 2 tilbod i året. Fylkeskommunen rapporterer til Kulturdepartementet.

Digital kulturformidling

Det digitale vert ein stadig større og viktigare del av vårt arbeid. Målet er at digital formidling skal vere ein integrert og naturleg del av kunst- og kulturformidlinga i Sogn og Fjordane. Ein stor del av vårt publikum er storforbrukarar av digitale tenester. Dei ventar at formidling av kultur er tydeleg og lett tilgjengeleg. Vi må sørge for utvikling, nyskaping og kreativitet i kulturformida. Digital kompetanse og formidling er prioritert i utkast til kulturstrategi 2015-2018.

Kultur og helse

Kultur og helse er utviklings- og prosjektretta innsats for at alle skal ta del i ulike kulturopplevingar. Dette inneber satsing på betre tilgang for alle, integrering og betre samhandling mellom kultur- og helsesektor. Dette vert gjort med vekt på faget musikkterapi. Det er tett samarbeid med forskingsinstitusjonar, kommunar, institusjonar og frivillige i fylket.

Vi arbeider med nettverk, rettleiing til kommunar og undervisning/forelesing på utdanningsinstitusjonar, samarbeidspart for gjennomføring for årleg kulturfestival for utviklingshemma i fylket, kurs, konferansar, prosjekt innan eldre og integrering og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd og tilgjenge for i alle i fylket regionalt og lokalt.

For å nå reduksjonsnivået er det føreslått å stille ledig stilling i vakanse frå 01. 08. 2015.

Den kulturelle spaserstokken

Frå og med 2014 har fylkeskommunen fått forvaltningsansvaret for dei statlege tilskota til Den kulturelle spaserstokken. Tilskot frå staten vert gitt etter fordelingsnøkkel der følgjande variablar inngår: talet på personar over 70 år, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur. Det er kommunane i fylket som kan søkje på desse løyvingane. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Musikk

Fylkeskommunen har som mål å leggje til rette for at musikk av høg kvalitet skal gjerast tilgjengeleg for flest mogleg i fylket, slik at ein kan styrke omfanget og kvaliteten på formidlinga, stimulere til utvikling av tverrfaglege og fleirkulturelle produksjonar, leggje til rette for stor sjangerbreidde og samarbeid mellom amatørar og profesjonelle, gjerne på tvers av sjangrane.

Distriktsmusikarordninga

Løyvinga til distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen sin del av lønskostnadane (25%) knytt til 15 stillingar som distriktsmusikarar i Førde og Gloppen kommunar og i Sogn (Leikanger, Luster og Sogndal kommunar). Stillingane bidreg til at fylket har profesjonelle musikarar på høgt nivå, som også underviser også i kulturskulane.

Fylkesmusikarordninga

Ordninga er 25 år og er vedteke vidareført ved etablering av distriktsmusikarstillingar. Det er føreslått å stille ledig stillingar i vakanse for å nå reduksjonskravet.

Skulekonsertar, barnehagekonsertar og grendakonsertar i samarbeid med Rikskonsertane.

Skulekonsertordninga er ei nasjonal ordning som er finansiert av Kulturdepartementet. I barnehagekonsertordninga deler Rikskonsertane og fylkeskommunen kostnadene likt. Her når vi born heilt ned i 3-års alderen. Grendakonsertane er eit nytt tiltak der fylket er vald ut som pilotfylke i formidling av skulekonsertane også utanfor skuletid. Ordninga vert finansiert av Rikskonsertane.

772 Kunstproduksjon

Tenesta inneheld fylkeskommunen sine avtalebaserte løyvingar til knutepunktinstitusjonane Norsk Countrytreff og Førdefestivalen, samt dei regionale kulturinstitusjonane Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane teater. Føremålet med tenesta er å bidra til profesjonell kunst- og kulturproduksjon i Sogn og Fjordane. Institusjonane er svært viktige for regionen både med tanke på det å gi gode og mangfaldige kulturopplevingar og at vi har profesjonelle aktørarar som arrangørar og utøvande kunstnarar. Dei bidreg i stor grad til å marknadsføre fylket vårt. Dei fylkeskommunale løyvingane i 2014 på 11,057 mill. genererer statlege og kommunale midlar på 33,566 mill.

Staten evaluerer no knutepunktordninga. Fylkeskommunen følger opp dette arbeidet m.a. med eigen evaluering av Norsk Countrytreff og Førdefestivalen.

Det er føreslått ein reduksjon på 0,5 mill. kroner i tenesta i 2016.

775 Fysisk aktivitet og idrett

Føremålet med tenesta er gje alle høve til å vere fysisk aktive, spreie kunnskap om fysisk aktivitet og bidra til at alle i fylket vert tilstrekkeleg fysisk aktiv. Dette er stadfesta i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014- 2017. Tenesta inneheld løn- og driftskostnadar og:

Tilskot til idrettsorganisasjon

Fylkeskommunen støttar fylket sin største frivillige organisasjon, Sogn og Fjordane idrettskrins.

Drift idrettsanlegg

Fire langrennsanlegg er peika ut til å få fylkeskommunalt driftstilskot i perioden.

Spelemidlar

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for dei statlege spelemidlane til idrett-, nærmiljø- og friluftslivanlegg. Spelemidlane til anlegg for idrett, friluftsliv og kulturbygg som i 2014 utgjør 32,5 mill. kroner, skapar minimum ein omsetnad i byggenæringane på over 98 mill. kr. i 2014.

Oppfølging regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteke i FT- sak 49/12. Det er ikkje sett av midlar til iverksetting av tiltaka i handlingsprogram tiltak. Det er difor ei utfordring å realisere planen slik vedtaket legg opp til.

Det er føreslått ein reduksjon på 0,1 mill. kroner i tenesta i 2016.

790 Andre kulturaktivitetar

Føremålet med tenesta er delt i to:

- Det eine føremålet er barne og ungdomssatsingar der ein legg vekt på kreativ eigenaktivitet og demokratibyggning og kunnskapsheving i det å delta i demokratiet og politiske prosessar
- Det andre føremålet er å støtte økonomisk opp om frivillig sektor gjennom tilskot til organisasjonar, aktivitetar, utviklingstiltak, festivalar, stipend og fylkeskulturpris.

Ungdomspolitisk utval og Fylkesting for ungdom

Tenesta inneheld driftskostnadar til drift av ungdomspolitisk utval og gjennomføring av nettverkssamlingar for ungdomsråd i fylket samt det årlege Fylkesting for ungdom. Dette er viktige demokratiske organisasjonar for både deltaking i og læring av demokratiske prosessar.

Ungdomens kulturmonstring (UKM)

UKM bidreg til lokal aktivitet, og lærer dei unge kreativitet, det å skape og det å delta på store kulturarrangement. UKM er innarbeidd som den viktigaste visningsarena for barn og unge.

Utviklingstiltak

Dette er midlar til dristige, nyskapande kulturprosjekt i Sogn og Fjordane. Her ligg det i 2015 og 2016 inne vedtekne løyvingar til utviklingsavtale med Selje og løyving til Hafstadparken. Slik budsjettet no ser ut, er det ingen midlar til nye utviklingstiltak. Dette vil m.a. bety at det ikkje er rom for evt. ny avtale med Vestnorsk Filmsenter.

Det nynorske språket

Språket vårt handlar om identitet vår, som menneske og fylke. Nynorsk skal vera eit eige satsingsområde i den regionale politikken og kultursatsinga.

Samhandling med kommunane

Gjennom samarbeid og kompetansehevande tiltak vil kultursektoren søkje å styrkje kommunane si operative rolle og deira strategiske arbeid. Til dømes med satsinga lokale kulturminneplanar og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er det naturleg og i 2015 å ha fokus på desse fagområda. Dette er og to fagområder der vi ser at det er behov for lokal kompetanseheving.

Kommunane kan vera aktuelle samarbeidspartar for fylkeskommunen både åleine og i lag med frivillige organisasjonar og andre.

7. Presisering av føreslåtte reduksjonstiltak

Hovudutval for kultur har to gonger handsama budsjettsak og økonomiplan arbeidet. I den fyrste prioriterte utvalet mellom ulike kultursatsingar og i [HK- sak 41/14 Drøfting av budsjett 2015 og 2016 og økonomiplan 2017 til 2019, Kultur](#) fekk fylkesdirektøren til oppgåve å synleggjere reduksjonar i budsjett 2015 og 2016 med fokus på og konsekvensane av å:

- Avslutte bokbåtenesta f.o.m. andre halvår 2015
- Ikkje tilsette i ledige stillingar
- Reduksjon i tilskot/overføringar
- Tiltak retta mot barn og unge, slik som UPU, FTU og UKM skal skjermast (første fasen)
- Omsyn til Sogn og Fjordane som nynorskfylke skal prioriterast
- Tilskot til frivillig arbeid er høgt prioritert

I samsvar med dette legg no fylkesdirektøren fram sine vurderingar og si tilråding. For å realisere ein reduksjon på 3 mill. kroner i 2015 og ytterlegare 2 mill. kroner i 2016 meiner fylkesdirektøren at følgjande programområde og tenester må reduserast:

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	Bokbåten	0,640	1,300
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordninga	0,900	0,900
771	Kunstformidling	Kultur og helse	0,210	0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken		0,100
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		0,500
775	Fysisk aktivitet og idrett	Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		0,100
790	Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	0,900	0,900
790	Andre kulturaktiviteter	Administrasjon	0,350	0,700
SUM			3,000	5,000

I det følgjande vert kvar reduksjon vurdert (alle tal er oppgjeve i mill. kroner):

7.1 Bokbåten

Bokbåten har gitt mange gode opplevingar gjennom over 50 år. Tilboda er gitt i delar av fylket som elles ikkje har så mange tilbod lokalt. Sjølv om fylkesdirektøren er samd i dei utgreiingane som er gjort om bokbåten og ser viktigheita av eit slikt tilbod, er dette ei supplerande

bibliotekteneste til det kommunane sjølve har ansvar for. Fylkesdirektøren ønskjer å prioritere arbeidet med å bidra til å utvikle dei kommunale bibliotektenestene gjennom andre tiltak. Det vert meldt frå til Møre og Romsdal og Hordaland fylkeskommunar om at vi ikkje ser oss istand til å delta i dette samarbeidet lenger.		
Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig løysing?	
Ja	Tiltaket kan vere mellombels, men fylkesdirektøren rår til at bokbåttenesta vert avvikla frå og med 01.09.2015 (langsiktig løysing).	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
Etter ein detaljert gjennomgang er det mogleg å gjennomføre følgjande reduksjonar med verknad frå 01.09.15 (leige av båt 0,4 mill kroner, personal-kostnader 0,24 mill kroner). Endringa vil medføre overtaligheit i eit omfang av 0,7 årsverk.	0,640	1,300
Konsekvensar		
Bokbåten har gjeve både eit bibliotekfagleg og kulturelt tilbod til mange i mindre bygder i fylket. Når dette tilbodet fell vekk vil nokre få redusert tilgang til kultur og bibliotektenester. Samstundes veit vi at nye tilbod som DKS, moderne teknologi og endra reisevaner vil kunne kompensere her.		

7.2 Fylkesmusikarordninga		
Etter ei grundig evaluering med påfølgjande utgreiing var det vedteke at Fylkesmusikarordninga skal vidareførast ved etablering av distriktsmusikarstillingar. Framdriftsplanen for endringane vart vedteke i HK-sak 38/13. Grunna den økonomiske situasjonen er no denne endringa utsett. Situasjonen er og slik at fleire av dei tilsette går av med pensjon i løpet av 2015. Det er ikkje tilsett nokon i desse stillingane. Det er difor som eit mellombels tiltak høve til å vente med tilsettinga i desse stillingane. Det gjev rom for innsparingar som presentert under.		
Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig løysing?	
Ja	Tiltaket kan vere mellombels, men fylkesdirektøren vil i oktober rå til at fylkesmusikarordninga er ei av satsingane som skal greiast ut innanfor ramma av 17 mill. kroner.	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
Ledige stillingar gjev rom for følgjande innsparingar:	0,900	0,900
Konsekvensar		
Omfanget av fylkeskommunen si satsing på folkemusikk vert kraftig redusert. Om vi ser attende har fylkesmusikarane bidrege til utviklinga av ein levande tradisjon, der mellom anna mange unge utøvarar held eit særst høgt nivå, øvst i nasjonal samanheng. Fylkeskommunen ikkje lenger kunne bidra til ei slik utvikling i den grad.		

7.3 Kultur og helse		
Innan satsinga Kultur og helse er det no to årsverk. Ein av dei fast tilsette er i permisjon. Det er tilsett vikar fram til 01. 08. 2015. Fylkesdirektøren tilrår at det ikkje vert tilsett vikar i stillinga vidare. Kjem den fast tilsette attende i løpet av 2015 eller 2016 vil det medføre overtaligheit.		
Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig løysing?	
Ja	Tiltaket kan vere mellombels, men fylkesdirektøren vil i oktober rå til at Kultur og helse er ei av satsingane som skal greiast ut innanfor ramma av 17 mill. kroner.	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
Ledige stillingar gjev rom for følgjande innsparingar. Dette er lågare enn nokre av dei andre stillingane då	0,210	0,500

stillinga generer inntekter som no går tapt.		
Konsekvensar		
Vår satsing på Kultur og helse, tidlegare Fylkessenter for musikkterapi, har vore i stor utvikling dei siste åra. Satsinga er i dag ein motor i utviklinga av kulturtilbod til grupper som treng ekstra tilrettelegging. Ei halvering av arbeidskapasiteten vil i stor grad stogge opp ei positiv og viktig utvikling. Det er og etablert eit godt samarbeid med høgskular og universitet som deltek i utviklinga og evalueringa av dei ulike tiltaka. Vi står i fare for å misse dette samarbeidet, då satsinga må ha eit visst omfang for å vere attraktivt for desse organisasjonane.		

7.4 Den kulturelle skulesekken (DKS)		
Fylkesdirektøren finn det naudsynt å redusere dei administrative kostnadane ved den kulturelle skulesekken i 2016.		
Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig løysing?	
Ja	Dette er ei mellombels løysing.	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
Dette er administrasjon utan konsekvensar for stillingar.		0,100
Konsekvensar		
Den delen av administrative kostnadar til DKS som ikkje omfattar stillingar er i 2014 på 0,455 mill. kroner, ein reduksjon på 0,1 mill. kroner vil setje satsinga under press.		

7.5 Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		
Ein stor del av kulturbudsjettet er knytt til satsinga på regionale kulturinstitusjonar der det er etablert eit samarbeid mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Når det skal gjennomførast reduksjonar i dette omfang er det difor vanskeleg å unngå kutt i desse tenestene. Fylkesdirektøren tilrår ei reduksjon i 2016 som skal fordelast prosentvis i høve storleiken på tilskota til Førdefestivalen, Norsk Countrytreff, Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane teater.		
Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig løysing?	
Ja	Tiltaket kan vere mellombels, men fylkesdirektøren vil i oktober rå til at dette er ei av satsingane som skal greiast ut innanfor ramma av 17 mill. kroner.	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
		0,500
Konsekvensar		
Ved å redusere i tilskota til dei store regionale kulturinstitusjonane set ein deira økonomi, høve til å drive og utvikle seg under press. Dette presset kan auke om staten og kommunane reduserer sine tilskot tilsvarende. Samla kan då kulturinstitusjonane misse opp til 1,67 mill. kroner i stønad.		

7.6 Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		
Idretten og idrettskrinsen er ei svært viktig brikke i den omfattande innsatsen frivillig sektor gjer for å skapa gode levekår i Sogn og Fjordane. Likevel finn direktøren det riktig å fordele dei mellombelse reduksjonane mellom ulike regionale kulturaktørar og finn det då riktig å redusere noko og mellombels i tilskotet til Sogn og Fjordane idrettskrins.		
Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig løysing?	
Ja	Tiltaket er mellombels.	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
		0,100
Konsekvensar		
Tiltaket vil setje idrettskrinsen sin økonomi under press.		

7.7 Kulturmidlar		
Omfanget av reduksjonar som skal setjast i verk i løpet kort tid og med rask verknad gjer at fylkesdirektøren finn det riktig å redusere noko i tilskot til lag og organisasjonar, festivalar og arrangement. Dette også med bakgrunn i drøftingane i hovudutval for kultur. Fylkesdirektøren meiner at reduksjonen gjer at fokuset på kvalitet og regional funksjon må aukast.		
Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig	

løysing?		
Ja	Dette er tenkt som ei mellombels løysing, sjølv det også kan verte naudsynt å greie ut satsinga for å nå opp til ei utgreiingsramme på 17 mill. kroner.	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
I gjeldane økonomiplan er det for 2015 sett av 4,541 mill. kroner til dette tiltaket. Denne tilrådinga gjev 0,9 mill. kroner i reduksjon og omfanget av satsinga er redusert til 3,641 mill. kroner.	0,900	0,900
Konsekvensar		
Kulturmidlar utgjer ein stor del av fylkeskommunen sitt bidrag til det frivillige kulturlivet i fylket. I 2014 er det samla sett av 4, 510 mill. kroner til dette, der 0,2 mill. kroner av desse er statlege midlar. Ein reduksjon på 0,900 mill. kroner vil gjera at færre får stønad og stønadsbeløpa kan gå ned. Dette gjer at rammene for organisasjonane vert sett under press. Fylkesdirektøren opplever at sjølv små tilskot betyr mykje for mottakar, både økonomisk og som motivasjonsfaktor.		

7.8 Andre kulturaktiviteter, administrasjon

Ved kulturavdelinga er det, for utan allereie nemnde stillingar, ei mellombels stilling. Dette vikariatet varer ut juni 2015. Etter dette er stillinga ledig. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å lyse ut ei fast stilling no.

Er tiltaket reversibelt?	Er tiltaket mellombels eller dette ei mogleg langsiktig løysing?	
Ja	Dette er ei mellombels løysing.	
Økonomi	Reduksjon i 2015	Reduksjon i 2016
	0,350	0,700
Konsekvensar		
Ved kultursektoren er dei ei stilling som har kulturutvikling som hovudområde. Når denne stillinga vert ståande ledig, tyder det at kultursektoren i liten grad kan vera ein aktiv kulturutviklar. Det er og ein fare at kultur som tema vert enda mindre synleg i den heilskaplege samfunnsutviklinga.		

8. Investeringsrammer

Kultursektoren har to investeringsprosjekt det har vore arbeidd mykje med over tid; fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane/formidlingsareal for Sunnfjord Museum og formidlingsbygg på tusenårsstaden Gulatinget. Begge prosjekta vart lagt inn i økonomiplanen med løyvingar i samband med vedtak i budsjett/økonomiplan i desember 2013, men tekne ut av finansutvalet i møte 18.06.14. Fylkesdirektøren sine vurderingar er at begge prosjekta representerer viktige kulturpolitiske satsingar i fylket. Det bør difor arbeidast vidare med å undersøkje alternative måtar å realisere satsingane på, jf følgjande vurderingar og tilrådingar frå fylkesrådmannen til finansutvalet i arbeidsdokument 4/14:

«Fellesmagasinet

Finansutvalet slutta seg a.dok 3/14 til at innarbeidd løyving til fellesmagasin for musea vart teken ut. Dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen er store, og gjer det ekstra utfordrande å finne rom for investeringar i den storleik det her er snakk om.

Sjølv om utsiktene er vanskelege, ser fylkesrådmannen at musea har utfordringar i høve magasinkapasiteten, og at så lenge magasinutfordringa ikkje er løyst, vil musea ikkje komme vidare i utviklinga av si samlingsforvaltning. Eit fellesmagasin har vore føresetnaden mellom anna ved bygging av kunstmuseet i Førde. Det har også lagt som ein føresetnad at Sunnfjord Museum sine utfordringar (magasin, formidlingsareal, arbeidsplassar) skulle sjåast i samheng med realiseringa av eit mogleg fellesmagasin. Fylkesrådmannen meiner difor at før fylkeskommunen kan konkludere endeleg i saka, bør vi gå i dialog med Musea i Sogn og Fjordane med tanke på å få vurdert ei tilstrekkeleg, men vesentleg rimelegare løysing. Eitt av alternativa som må vurderast i denne samheng er desentralisert magasinering.

For å kunne få gjort naudsynte vurderingar, vil fylkesrådmannen tilrå at løyvinga til fellesmagasinet førebels vert lagt inn att med eventuell oppstart i 2016 (forskyvd med 1 år). Det bør difor arbeidast vidare med dei økonomiske avklaringane og vurdering av alternative løysingar fram til handsaminga av økonomiplanen for 2017-19 i juni 2015.

Musea i Sogn og Fjordane har bedt om ei avklaring om fylkeskommunen si evne til å bidra i det planlagte prosjektet «Kløften», jf vedlegg 2. Fylkesrådmannen meiner at vi alt no bør signalisere at dette prosjektet er for ambisiøst – sett i høve til den økonomiske situasjonen fylkeskommunen no er i.

Tilråding

Finansutvalet ser at musea i Sogn og Fjordane har utfordringar i høve magasinkapasitet, og at dette hemmar dei i arbeidet med samlingsforvaltninga. Det vert difor lagt opp til å kartlegge alternative måtar å løyse magasinfordringa på som kan gje ei rimelegare løysing for fylkeskommunen. Herunder skal eventuell desentralisert magasinering vurderast. I påvente av denne utgreiinga vert løyvingane til fellesmagasin tekne inn att i økonomiplanen med eitt års forskyving.

Formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatinget

I dette prosjektet er kommunen sin del av finansieringa på plass. I finansutvalet sitt møte 18.juni vart det stillt spørsmål ved om det er eit krav at fylkeskommunen er med på finansieringssida for at staten skal stille opp. Dette spørsmålet er avklara med staten. Det er ikkje eit krav at fylkeskommunen skal vere inne som finansieringspart i desse bygga. Departementet legg vekt på prosjektet/søknaden sin kvalitet, at prosjektet er fullfinansiert og elles oppfyller dei krav som er sett til denne typen bygg/søknader (nasjonale kulturbygg). Staten sitt bidrag i finansieringa vil vere inntil ein tredjedel av godkjent søknadssum. Ut frå dette kan t.d. Gulen kommune ta over dette prosjektet og arbeide vidare med å sjå om det er mogleg å fullfinansiere dette gjennom private midlar og tilskot frå staten.

Tilråding:

Det vert opna for Gulen kommune kan gå vidare med prosjektet «Formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatinget» utan fylkeskommunal deltaking.»

9. Kontraktar og avtaler med eksterne partar

Kultursektoren er særmerka med stor grad av økonomisk samarbeid og fellesfinansiering særleg mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Dette gjeld først og fremst museum, teater, distriktsopera og knutepunktfestivalar. Finansieringa av tilskot til desse kulturinstitusjonane er sikra gjennom politisk vedtekte avtaler og vedtak i Stortinget. På den eine sida medfører avtalane drøftingar der ein kjenner på at det regionale handlingsrommet vert avgrensa. På den andre sida realiserer avtalane viktige regionale kultursatsingar som vi som ikkje ville makta å drive aleine. Fylkeskommunen samarbeider og med andre fylkeskommunar, kommunar i fylket, universitet og høgskular og lag og organisasjonar.

Fylkesdirektøren vil kome nærare innpå desse avtalane i sak om økonomiplan 2017-2019 i oktober. Dette med unnatak av dei avtalane som må avviklast eller endrast som følgje av vedtak i denne saka. I framlegg til vedtak omfattar det:

- Avtale om bokbåt.
Denne avtalen vert gjort år for år. Noverande avtale går ut 01.09.2015. Det vert ikkje inngått nye avtaler om bokbåttenester i Sogn og Fjordane. Om framlegg til vedtak vert følgt opp må vi informere partane i avtalen om at vi ikkje deltek i samarbeidet etter 1. september 2015.
- Avtale om Musea i Sogn og Fjordane
- Avtale om Førdefestivalen
- Norsk Countrytreff, det er ikkje inngått avtale men statstilskotet er førande
- Avtale om Opera Nordfjord
- Avtale om Sogn og Fjordane Teater

Desse avtalane er primært mellom kommunane og fylkeskommunen, men som ei følgje av ein statleg politikk som krev regional og lokal medfinansiering. I 2016 er det føreslått ein reduksjon som omfattar desse avtalane. Bliir det aktuelt å setje i verk denne reduksjonen, meiner fylkesdirektøren institusjonane og samarbeidande kommunar må informerast om dette snarast.

10. Sentraladministrasjon- sektorbudsjett

I mange år har storparten av dei administrative ressursane vore samla på forvaltningsbudsjettet. Ved årsskiftet vart desse fordelt ut til sektorane. Ramma til kultur auka frå 61,356 mill. kroner. til 71,874 mill. kroner. Finansutvalet har i handsaminga av arbeidsdokument nr. 3 vedteke at forvaltning skal greie ut ei mogleg reduksjon på 30 mill. kroner. For å klare dette ynskjer fylkesrådmannen igjen sjå heile sentraladministrasjonen under eitt. Det tyder i så fall at dei utgreiingane hovudutvalet skal vedta i oktober, berre skal omfatte satsingar og tenester, og ikkje den administrative delen.

11. Sektorspesifikke oppfølgingspunkt

Finansutvalet trekkjer i arbeidsdokument nr. 3 fram tre særskilde oppfølgingspunkt for kultursektoren. Dette er:

- Bokbåten
- Fellesmagasin for musea
- Formidlingssenter tusenårsstaden Gulatinget

Fylkesdirektøren viser til omtale av dei tre punkta i saka; bokbåten som del av kap 7, pkt 7.1 og investeringsprosjekta i kap 8.

12. Eksterne søknadar / marginallistetiltak

Årleg kjem det inn søknadar til sektoren som er så omfattande at dei må vurderast som ein del av budsjettprosessen. Fylkesdirektøren kjenner no til to søknadar som er aktuelt å vurdere.

Landsskyttarstemnet 2017 i Førde

Førde skyttarlag søkjer om 0,8 mill. kroner til utvikling og tilrettelegging av skyttaranlegget i Kråkenesmarka/Vasslia i Førde i samband med at dei er tildelt Landsskyttarstemnet 2017. I eiga sak i dette hovudutvalsmøtet vert det tilrådd å gje eit tilskot i 2014 på 0,2 mill kroner. Dersom fylkeskommunen skal imøtekomme heile søknaden, står det att 0,6 mill kroner å løyve opp. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det vert rom for tilskot i denne storleik dei kommande åra. Søknaden vert difor foreslått ført opp som marginallistetiltak i samband med budsjettarbeidet for 2015 og 2016.

Fiskerimuseum/fiskerihistorisk senter i Måløy

Ei interessentgruppe for fiskerimuseum/fiskerihistorisk opplevingssenter i Måløy har søkt fylkeskommunen om 5 mill kroner til delfinansiering av eit bygg i Måløy. Søknaden er sendt næringsavdelinga. Søknaden har vore drøfta på tvers av sektorane, og søkjarane har gitt ein felles presentasjon av prosjektet. Fylkesdirektøren viser til den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen, og finn ikkje økonomisk rom for å tilrå tilskot til dette tiltaket.

13. Konklusjon

Med bakgrunn i ovanstående utgreiingar, drøftingar og vurderingar, rår fylkesdirektøren til at hovudutval for kultur gir tilråding til finansutvalet i tråd med fylkesdirektøren sitt framlegg.